



## HØGSKOLEN I AGDER

*Fakultet for humanistiske fag*  
Institutt for nordisk og mediefag

Kulturdepartementet  
Akersgata 59  
Pb 8030 Dep.  
0030 Oslo

Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422  
4604 KRISTIANSAND  
Telefon: 38 14 20 82  
Telefaks: 38 14 21 48  
Org.nr.: 970 546 200 MVA

Deres ref.: 2006/01001 KU/KU2  
CHA

Vår ref.: HL/GN

Dato: 18. mai 2006

### **HØYRINGSFRÅSEGN - UTKAST TIL FORSKRIFT OM SKRIVEMÅTEN M.M. AV STADNAMN**

Høgskolen i Agder er høyringsinstans, og har delegert oppgåva til Institutt for nordisk og mediefag. Studieleiar ved Institutt for nordisk og mediefag har peika ut dei to underskrivarane til å svara.

Me har berre fåe og småe kommentarar til utkastet. Me vil særleg peika på punkt der me er usikre på innhaldet, og der me trur andre også kan koma i tvil. Merknadene (I til III nedafor) viser til paragrafar og avsnitt. Dessutan vil me alarmera om ein feil i Utkast til rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn (IV nedafor).

#### I. Til § 1, fyrste avsnitt:

"Med nedervd lokal uttale er meint den uttalen som er munnleg og skriftleg overlevert frå tidlegare generasjonar". Me er i tvil om kva som ligg i *skriftleg* overlevering av nedervd lokal uttale. Tenkjer ein her på eldre transkriberingar (som td. uttaleopplysningar i lydskrift i *Norske Gaardnavne*), eller gjeld det den opplesingsuttalen av skriftformene som etterkvart har fått hevd mange stader (td. *Kjøstveit* av skriftforma *Kjøstvedt* mot eldre *Kjøstveid*)? Punktet bør presiserast, gjerne med eksempel.

---

|                                |                                 |                   |                 |                  |
|--------------------------------|---------------------------------|-------------------|-----------------|------------------|
| Avd. administrasjonen          | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 10 50 | Faks 38 14 10 51 |
| Inst. for nordisk og mediefag  | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 10 50 | Faks 38 14 10 51 |
| Inst. for engelsk              | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 20 56 | Faks 38 14 10 51 |
| Inst. for teologi og filosofi  | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 10 50 | Faks 38 14 10 51 |
| Fagenhet for historie          | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 10 50 | Faks 38 14 10 51 |
| Fagenhet for fransk            | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 10 50 | Faks 38 14 10 51 |
| Fagenhet for tysk              | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 10 50 | Faks 38 14 10 51 |
| Senter for oversetterutdanning | Gimlemoen 25 E, Serviceboks 422 | 4604 Kristiansand | Tlf 38 14 10 50 | Faks 38 14 10 51 |

## II. Til § 4, fyrste, andre og tredje avsnitt:

- Fyrste avsnitt: "Det kan likevel veljast regionale samleformer eller reine dialektformer når særlege grunnar talar for det." Kva tenkjer ein eigentleg på som *særlege* grunnar? Svært mange, kanskje alle, vil kunna hevda "særlege grunnar" for sine namneønskje.
- Andre avsnitt: "Det skal leggjast særleg vekt på det ønsket eigaren har med omsyn til skrivemåte, når den skriftforma han ønskjer ligg innanfor regelverket." Kva meinest eigentleg med *regelverket* her? Er det lover og forskrifter, og gjeldande rettskriving(-ar)? Kva har prioritet når det blir konflikt mellom regelverket og "særlege grunnar" (sjå føregåande avsnitt)? Det er grunn til å minna om at det generelt rår stor uvisse om skilnaden på gardsnamn og slektsnamn. Om ein skal leggja særleg vekt på ønskje til eigaren, kan me koma til å få mange slektsnamnsformer som stadnamn.
- Tredje avsnitt: "Namn som inneheld allment kjende ord eller namneledd, skal som hovudregel retta seg etter gjeldande rettskriving." Kva er *allment* kjent? Er det når ordet er registrert i handordbøkene? I så fall bør det stå. Elles vil mange kunna hevda at "eg kjenner ikkje ordet, og då er det ikkje allment kjent".

## III. Til § 14, fyrste avsnitt:

"Det skal oppnemnast to namnekonsulentar for norskspråklege stadnamn for kvart universitetsområde: Oslo, Bergen, Trondheim og Tromsø." Me minner om at det i skrivande stund finst eit universitet i Stavanger, og at det kan koma til å bli fleire. Dersom ein meiner at namnekonsulentane skal vera knytt til dei fire "gamle" universiteta, bør det stå.

## IV. Til Utkast til rettleiing til forskrift om skrivemåten m.m. av stadnamn, 1. Ordforklaringar og definisjonar (fyrste sida):

"*Intervokalisk konsonant*: samandraging av diftong (td. stein>sten, straum>strøm)"

Forklaringa her er feil, dette er forklaring/definisjon på *Monoftongering*, som det også heilt rett står, åtte linjer nedafor. Men rett forklaring på *Intervokalisk konsonant* står diverre ingenstad i rettleiinga.

For Høgskolen i Agder

Håkon Lilleholt

Gudlaug Nedreliid